



vestafor måne

Guri Aasen
Forteljar

Tlf: (+47) 936 06 715
guri-aas@online.no
www.vestaformaane.no
Org.nr: 982 358 973

AKTAIONS LAGNAD - om ein ung jeger sitt møte med jaktgudinna Artemis



Tizian: Diana and Aktaion

Ei av dei mektigaste i den greske gudekretsen var Artemis (Diana i romersk mytologi), gudinna for jakt og dei ville dyra.

Ho var dotter av Zevs og månegudinna Leto, og tvillingsyster til Apollon. Artemis var høgreist og vakker, kledd i ei kort vid jaktdrakt og sølvsandalar. Bevepna med eit jakthorn forma som ein månesigd, pilkogger med gullpilar over skuldrane og boge i handa, jaga ho i skogar og fjell, og ved hennar side sprang ei kvit hind og seksti nymfer, som fylgde henne kvar ho for.

Ein vakkar sommardag då den unge jegeren Aktaion veida i Artemis sine skogar, kom han uforvarande i den mektige gudinna sin veg. Eit møte som skulle avgjere ynglingen sin lagnad.

Varighet: 20 minutt. Kan eventuelt inngå i eit lengre program , t.d frå gresk mytologi.

Tilrettelegging: 3x3 meter golvplass

Ta kontakt for pristilbod.